

Det kongelige Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:
2014/821-1082/2015

Sakshandsamar:
Bente Fitjar

Arkivkode:
203

Dato:
25.02.2015

Melding om vedtak - uttale frå Fitjar kommune

— Vedlagt følgjer utskrift frå sak PS 6/15 – Forslag til statleggjeriing av funksjonen som skatteoppkrevjar – uttale frå Fitjar kommune – handsama i Fitjar formannskap 18.02.2015.

Med helsing
Fitjar kommune

Atle Tornes
Rådmann

Bente Fitjar
Sekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendt utan signatur



Fitjar kommune

Arkivkode: 203
 Saksmappe: 2014/821
 Sakshandsamar: Atle Tornes
 Dato: 11.02.2015

MØTEBOK

Forslag til statleggjering av funksjonen som skatteoppkrevjar - uttale frå Fitjar kommune

Utval sak	Utval	Møtedato
6/15	Formannskapet	18.02.2015

Vedlegg:

1. Overføring av skatteoppkrevingen til Skatteetaten, høyringsbrev dagsett 1. desember 2014.
2. Høyringsuttale frå KS om overføring av skatteoppkrevingen til Staten dagsett 15. januar 2015.
3. Skriv frå Fagforbundet med viktige moment for vurderinga, oktober 2014.

Bakgrunn:

I skriv frå Finansdepartementet av 1.12.2014 og 4.12.2014 om overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen (innkrevjing, arbeidsgjevarkontroll, føring av skatterekneskapen og vegleiingsteneste) til staten er frist for høyringsuttalar er sett til 2.3.2015.

Skattedirektoratet fekk 23.6.2014 i oppdrag å greie ut korleis skatteoppkrevjinga kan organiserast i Skatteetaten for å oppnå ei betre og meir effektiv skatteoppkrevjing, og betra arbeidet mot svart økonomi og arbeidsmarknadskriminalitet. Viktige delmål er lik handsaming av skattytarane og betre rettstryggleik, og at det skal verta enklare for dei skatte- og avgiftspliktige å forholde seg til ein etat. Utgreiinga skulle og innehalde forslag til naudsynte endringar i regelverk, plan for ev. endringar i IKT-løysingar og vurdering av arbeidsrettslege- og personalmessige tilhøve.

Skattedirektoratet sitt framlegg til organisering inneber at oppgåvene skal løysast på til saman 27 kontor, med 497 færre årsverk enn i dag, og stipulert innsparing er sett til kr. 370 mill. årleg. Skattedirektoratet foreslår slik organisering:

Føring av skatterekneskapen vert samla på Lillestrøm (Skedsmo kommune) med ei underavdeling i Vadsø

Arbeidsgjevarkontrollen vert samlokalisert med skatteetaten sine kontor, lokalisert 22 stader. For Hordaland vert dette Bergen.

Innkrevjing vert sentralisert og lokalisert på 19 stader. For Hordaland vert dette Bergen.

Rettleiing, informasjon og arkiv vert inkludert i skatteetaten si telefonteneste.

Vurdering av konsekvensar for kommunane

Fitjar kommune.

Fitjar kommune kjøper tenester med skatteoppkrevar frå Stord kommune, innanfor ei stillingsramme på 70 %, og arbeidsgjevarkontroll frå Bergen kommune innanfor ei ramme på ca 10 %. Konsekvensane for Fitjar isolert sett blir difor litt forskjellig frå kommunane som har eigen tilsett skatteoppkrevjar. Prinsippa i saka blir likevel i hovudsak dei same.

Det blir ikkje innsparing for kommunane då sparte løns- og driftskostnader vert trekt inn att gjennom redusert rammetilskot.

Skatteoppkrevjaren er viktig for kommunal økonomistyring.

Skatteoppkrevjarfunksjonen er viktig for heile den lokale økonomistyringa.

Skatteoppkrevjaren er ein del av det totale økonomiske fagmiljøet i kommunen, og bidrar med viktig kompetanse. Den kommunale funksjonen fangar opp avvik frå forventa skatteinngang langt raskare enn ein klarar på nasjonalt plan. Dette gjer det mogeleg å justere drifta tidlegare enn dersom me måtte vente på offisielle justerte skattetall. Det er og lettare å forklara avvik mellom budsjetterte og faktiske tal som følgje av periodisering av innbetalningar frå større einskildskattytarar.

Merknaden frå Fagforbundet viser til at ei statleggjering av skatteoppkrevjaren vil gjera det vanskelegare å ta ut forskot på skatt, som gjer kommunen sin likviditet dårlegare. Dette momentet bør ivaretakast i ei eventuell overføring.

Forslaget inneber ein klar fare for proveny tap

Dagens organisering har ei innkrevjingsgrad som ligg helt i verdstoppen. Ein har lita tru på at resultatata vil bli betre om desse oppgåvene skal utførast på sentralt eller regionalt hald.

Det er ein klar risiko for proveny tap. Spørsmålet er utgreidd av Oslo Economics, som har berekna konsekvensane av endra innkrevjingsprosent. Tala viser at fellesskapet risikerer et årlig proveny tap i området 0,5-1,5 milliardar kroner dersom forslaget blir vedteke. Endringar i innkrevjingsgrad på så lite som 0,05-0,15 prosentpoeng vil gjere departementet sitt forslag ulønnsamt, sjølv etter foreslått bemanningsreduksjon.

Den stipulerte bemanningsreduksjonen er ikkje sannsynleg. Forventa gevinstar av fagsystemet SOFIE er allereie henta ut, slik at for dei sakene som vert handsama manuelt, som vil vere dei same sakene uansett organisering, er utøving av lokalt skjønn eit mål og ein føresetnad for eit korrekt og godt resultat. Dette viktige aspektet synes ikkje belyst i høyringsdokumenta.

Innanfor samanliknbare område som innkrevjing av arbeidsgjevaravgift og MVA har den kommunale innkrevjinga gjennomgåande betre resultat enn den statlege, med ein kommunal løysningsgrad på 99,8% mot statlig løysningsgrad på 99,4%. Då det her er snakk om svært store beløp vil sjølv små forskjellar i løysningsgrad kunne ha merkbar betyding for provenyet.

Risikovurderinga som er gjort av proveny tap synes utilstrekkelig og overfladisk. Den tek ikkje høgde for momenta ovanfor og gjev inntrykk av å vere tilpassa ønskt resultat.

Nærleik til skattesubjekta

Nærleik til skattesubjekta forklarar etter vårt syn dei gode resultatata i forskotsordninga og er viktig i kampen mot svart økonomi og arbeidslivskriminalitet. Proaktivt og preventivt arbeid sikrar at arbeidsgjevarane i kommune rapporterer rett grunnlag.

Kontorkontroll inneber synleg og merkbar aktivitet overfor arbeidsgjevarane. Aktiv purring når ein ikkje mottar oppgåver og kontaktar pr. telefon når me ser at det er rapportert feil bidrar til at arbeidsgjevarane rapporterer rett grunnlag og gjennomfører, bereknar og innbetalar korrekt forskotstrekk, utleggstrekk og arbeidsgjevaravgift. Det er dette arbeidet og nærleiken til innbyggjarane, kombinert med forskotsordninga, som gir dagens gode resultat.

Me meiner difor at kommunal nærleik til innbyggjarane og lokalkunnskap i stor grad bidrar både til forskotsordninga sin suksess og til gode resultat for innkrevjing av dei andre skatteartene. Nærleik er og viktig i kampen mot svart økonomi, og ein lokal kontrollinstans har ein klar preventiv effekt. Dersom skatteoppkrevjaren vert gjort statleg og sentralisert vil avstanden mellom kontrollinstansen og kontrollsubjekta auke vesentleg. Mange kommunar vil ikkje ha kontrollinstans i det heile. For vår kommune vil næraste kontrollinstans anten vera Haugesund eller Bergen. Me vurderer denne auka avstanden som ein betydelig risikofaktor for auka svart økonomi og arbeidslivskriminalitet.

Nærleik til innbyggjarane er viktig for å dei hjelpa vanskelegstilte skattytarane; dei som ikkje alltid kan hjelpe seg sjølv, eller som av andre grunner ikkje kan ivareta sine egne interesser.

Me meiner dagens kommunale løysning er den beste då den gir svært gode resultat og framstår som ei effektiv organisering.

Forslaget bør vurderast som ein del av kommunereforma

Forslaget om statleggjing kjem midt i prosessen kring kommunereforma. Eit hovudmål i kommunereforma er å «flytte makt og ansvar til større og mer robuste kommuner». Regjeringa seier den vil «vise mer tillit til lokalpolitikere og gi kommunene mer handlingsrom. Alternativet er fortsatt sentralisering.» Å gjere skatteoppkrevjaren statleg er direkte i strid med de uttalte måla for kommunereforma.

Departementet hevdar skatteinnkrevjing ikkje er ei naturlig kommunal oppgåve, blant anna fordi det skal utøvast «liten grad av skjønn». Me meiner at nettopp mogleiken til å utøve lokalt skjønn innanfor lova sine rammer, bidrar til gode resultat. Nærleik, nærver og forståing for lokale forhold er med på å auke både lojalitet og legitimitet til skattesystemet.

Stortinget gav tilslutning i Prop. 95 S (2013–2014) til retningsliner for oppgåvefordeling mellom stat og kommunar. Departementet trekk særleg frem punkt 3, om at: «oppgaver som ikke skal la seg påvirke av lokalpolitiske oppfatninger og lokalpolitiske forhold, og som derfor er kjennetegnet av standardisering, regelorientering og kontroll, bør i utgangspunktet være et statlig ansvar». Dette blir difor brukt som et argument for statleggjing no.

Fleire av dei andre prinsippa, for eksempel punkt 1: «Oppgaver bør legges på lavest mulige effektive nivå.» dreg likevel i den motsett retning og talar for fortsatt kommunal organisering. Samla sett er det lite ved skatteoppkrevjaren sine oppgåver som tilseier at dei, etter nemnte retningslinjer, klart fell utanfor dei områda som skal handsamast i kommunereforma. Forskotsordninga spesielt og skatteinnkrevjing generelt er og bør vere påverka av lokale- og lokalpolitiske forhold.

Etter vårt syn er organiseringa av skatteoppkrevjaren en naturlig del av den totale gjennomgangen av den samla oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom stat og kommunar

i kommunereforma. Me meiner difor det er uheldig å forsere ei avgjerd om dette no og krev at spørsmålet vert vurdert i ei samla handsaming i kommunereforma.

Oppsummering

Kombinasjonen av et irreversibelt forslag, mangelfull utgreiing av vinstar, klar risiko for proveny tap og sterk sentralisering gjer at Fitjar kommune går imot statleggjing av skatteoppkrevjaren frå 1.1.2016.

Me meiner dagens løysning står fram som ei effektiv organisering og gir dei beste resultatata.

Me meiner forslaget er eit eksempel på uheldig distriktspolitikk, då nærleik og lokalkunnskap er spesielt viktig i denne saka. Forslaget inneber urasjonell sentralisering, når lokal skjønnsutøving og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat. Me meiner kommunane sjølv har best kompetanse og føresetnad for å samarbeide med og handtere lokalt næringsliv og innbyggjarar innanfor dei områda høyringa gjeld.

Forslaget om overføring av skatteoppkrevjinga til skatteetaten har vore vurdert fleire gonger tidligare, men saka har då anten ikkje blitt fremja av tidligare regjeringar eller blitt avvist av Stortinget. Det er heller ikkje kome fram nye moment i Finansdepartementets høyring.

Me merkar oss og at høyringsdokumenta i svært liten grad gjev noko grunngjeving på kvifor skatteoppkrevjarfunksjonen skal overførast.

At forslaget vert fremja som eiga sak uavhengig av pågåande kommunereformarbeid er også etter vår meining uheldig og i strid med reforma. Det gjerast blant anna eit stort poeng av at 60% av kommunane brukar mindre enn 2 årsverk på skatteoppkrevjarfunksjonen. 60% av kommunane i Norge har under 6 000 innbyggjarar. Det vil neppe vera slik etter kommunereforma.

Ei statleggjing vil og være irreversibel.

Høyringsinstans i kommunen

Denne saka er så viktig at kommunestyret burde få uttala seg, men høyringsfristen er sett til 2 mars, som gjer det umogleg å fremja saka for kommunestyret. Formannskapet må difor gje uttale på vegne av kommunen.

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune vil gå imot forslaget til statleggjing av skatteoppkrevjaren.

Kommunen kan ikkje sjå at det kjem fram nye særskilte moment i Finansdepartementets høyring no, samanlikna med tidlegare utgreiingar.

Forslaget har ei rekkje negative konsekvensar for kommunane:

1. Fagmiljø innan økonomi og rekneskap vert redusert. Kompetanse og gebyr som særnamsmann fell bort. Innkrevjinga av andre kommunale krav kan verta meir sårbar.
2. Skatteinntektene betyr mykje for kommunen. Den kommunale funksjonen fangar opp avvik frå forventa skatteinntang langt raskare enn ein klarar på nasjonalt

plan, og nærleik gjer det lettare å forklara avvika. Dette gjer det mogeleg å justere drifta langt tidlegare enn dersom me måtte vente på offisielle tal.

3. For innbyggjarar som har kommunen som primærkontakt vil det verta vanskelegare å få ei samla oversikt over gjeld. Det tette samarbeidet med lokalt NAV- kontor og andre kommunale einingar vil verta vanskelegare.
4. I Hordaland er det berre Bergen som opprettheld sine arbeidsplassar. Dette medfører ei sterk sentralisering, som er negativt i seg sjølv.
5. Skatteinntektene betyr mykje for kommunen. Ved sentralisering vil kommunane misse mogleiken til å påverka eigne inntekter i form av god innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll. Ein vil då vere avhengig av statlege prioriteringar. Det er heva over tvil at den kommunale innkrevjinga grunna nærleik til skattytarane er god. Sjølv ein liten nedgang vil få store økonomiske konsekvensar.
6. Me meiner at ei statleggjering i tråd med den svært stramme skisserte tidsramma inneber risiko for provenytap, tap av nødvendig kompetanse i kommune og tap av nøkkelpersonell.
7. Ei statleggjering no vil vera irreversibel.

Fitjar kommune vil og peke på at spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å vurdere som del av kommunereforma. Forslaget baserer seg på ein kommunestruktur og arbeidsfordeling som kan vera heilt annleis etter kommunereforma.

Formannskapet slutter seg fullt ut til KS hovudstyre sin høyringsuttale av 21.01.2015.

Behandling i Formannskapet - 18.02.2015:

Saka sendast til kommunestyret som referatsak.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

Atle Tornes
Rådmann